

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
089/18	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	19.09.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Marit Nedreli	16/2937

85/16 Fjellskålnes - Søknad om dispensasjon og søknad om oppføring av uthus - klage

Vedlegg:

8516 - Fjellskålnes - søknad om dispensasjon - søknad om oppføring av tilt (L)(244753)

85-16 - kommuneplan 1-2000

85-16 - ortofoto 1-2000

85/16 Fjellskålnes - søknad om løyve til tiltak - oppføring av uthus/reiskapshus - dispensasjon - vedtak

Endringsvedtak - Oppføring av uthus og terrasse - gbnr 85/16 Fjellskålnes

Klage på vedtak 002/18

Klage på vedtak

Bilde1

Bilde2

85/16 - merknader til klage

85/16 merknader til klage

85/16 Fjellskålnes - Søknad om dispensasjon og søknad om oppføring av uthus - handsaming av klage

Merknad på vedtak saksnr

85/16 - klage på vedtak

Klage på vedtak

Bilde1

Bilde2

85/16 - merknader til klage

CCE_000056

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Klage 1:

"Klage av 26.01.2018 frå Ragnhild og Ole Jørgen Fjellskålnes vert avvist, jf. forvaltningslova § 33, 2. ledd. Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at vedtak av 07.03.2018 saknr. 050/18 vert endra, jf. forvaltningslova § 33, 4. ledd. Klagen vert send til Fylkesmannen i Hordaland for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 33."

Grunngjeving:

Ragnhild og Ole Jørgen Fjellskålsnes var ikkje part og hadde ikkje rettsleg klageinteresse på klagetidspunktet, jf. forvaltningslova § 28, 1. ledd. Vilkåra for å handsame klagen av 26.01.2018 frå Ragnhild og Ole Jørgen Fjellskålnes føreligg dermed ikkje, og klagen kan avvist, jf. forvaltningslova § 33, 2. ledd.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

Klage 2:

"Klagen motteke 23.03.2018 frå Ingrid Øvsthus og Ole Fjellskålnes vert ikkje teke til fylgje, jf. forvaltningslova § 33. Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at vedtak av 04.01.2018 saknr. 002/18 vert endra, og saka vert send til Fylkesmannen i Hordaland for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 33."

Grunngjeving:

Det har ikkje kome fram nye moment i klagen som fører til at vedtak av 04.01.2018 saknr. 002/18 skal endrast.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

Plan- og kommunalteknisk utval - 089/18

PL - behandling:

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - samrøystes vedteke

PL - vedtak:

Klage 1:

"Klage av 26.01.2018 frå Ragnhild og Ole Jørgen Fjellskålnes vert avvist, jf. forvaltningslova § 33, 2. ledd. Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at vedtak av 07.03.2018 saknr. 050/18 vert endra, jf. forvaltningslova § 33, 4. ledd. Klagen vert send til Fylkesmannen i Hordaland for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 33."

Grunngjeving:

Ragnhild og Ole Jørgen Fjellskålnes var ikkje part og hadde ikkje rettsleg klageinteresse på klagetidspunktet, jf. forvaltningslova § 28, 1. ledd. Vilkåra for å handsame klagen av 26.01.2018 frå Ragnhild og Ole Jørgen Fjellskålnes føreligg dermed ikkje, og klagen kan avvistast, jf. forvaltningslova § 33, 2. ledd.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

Klage 2:

"Klagen motteke 23.03.2018 frå Ingrid Øvsthus og Ole Fjellskålnes vert ikkje teke til fylgje, jf. forvaltningslova § 33. Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at vedtak av 04.01.2018 saknr. 002/18 vert endra, og saka vert send til Fylkesmannen i Hordaland for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 33."

Grunngjeving:

Det har ikkje kome fram nye moment i klagen som fører til at vedtak av 04.01.2018 saknr. 002/18 skal endrast.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i plan- og kommunalteknisk utval.

Dersom plan- og kommunalteknisk utval ikkje tek klagen til fylgje, skal saka vidare til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg handsaming.

Dersom plan- og kommunalteknisk utval tek klagen til fylgje, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på.

Saksopplysningar

Eigedom: gnr. 85, bnr. 16, Fjellskålnes.

Tiltakshavar: Gunnar Skjold.

Klage 1:

Klagar: Ragnhild og Ole Jørgen Fjellskålnes.

Klage motteke: 29.01.2018.

Merknader til klage motteke: 19.02.2018.

Klage 2:

Klagar: Ingrid Øvsthus og Ole Fjellskålnes.

Klage motteke: 23.03.2018.

Merknader til klage motteke: 04.04.2018.

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om oppføring av uthus/reiskapshus på gnr. 85, bnr. 16, Fjellskålnes.

Plan- og kommunalteknisk utval har i møte 25.10.2017 saksnr. 134/17 gjort fylgjande vedtak:

"Klagen vert teken til følgje. Det vert gjeve løyve til oppføring av nytt bygg som omsøkt på gnr. 85/bnr. 16 Fjellskålnes, jfr. motteken søknad av 21.12.2016. Det vert teke atterhald om at det vert sendt inn ein fullstendig byggesøknad, jfr. plan- og bygningslova § 19-2, 2. ledd, 3. punktum, forskrift om sakshandsaming, samt forskrift om tekniske krav til byggverk."

Rådmannen la vedtaket til grunn og vurderte at utvalet hadde gjeve uttrykk for at det kunne gjevast dispensasjon til oppføring av uthus/reiskapshus på gnr. 85, bnr. 16, Fjellskålnes, og i vedtak av 04.01.2018 saknr. 002/18 vart det gjort fylgjande vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 1-8, 11-6 og 11-7, nr. 5, bokstav a, til oppføring av uthus/reiskapshus på gnr. 85, bnr. 16, Fjellskålnes.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4, 2. ledd, til oppføring av uthus/reiskapshus på gnr. 85, bnr. 16 minimum 1,0 meter frå nabogrensa til gnr. 85, bnr. 2.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av frittliggjande uthus/reiskapshus på gnr. 85, bnr. 16 på fylgjande vilkår:

1. Uthuset/reiskapshuset skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 18.11.2016 motteke 15.12.2017, jf. plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak § 6-3.

2. Det vert ikkje gjeve løyve til innlegging av vatn og installering av vassklosett i nytt uthus/reiskapshus, jf. plan- og bygningslova § 27-2, jf. ureiningslova, jf. ureiningsforskrifta kap. 12.
3. Oppføring av nytt uthus/reiskapshus vert godkjent i tiltaksklasse 1 jf. forskrift om byggesak § 9-3.
4. Med heimel i forskrift om byggesak § 6-8 gjev kommunen godkjenning på søknad om ansvarsrett som sjølvbyggjar for tiltakshavar for alle funksjonar og ansvarsområde ved oppføring av nytt uthus/reiskapshus på gnr. 85, bnr. 16 i tiltaksklasse 1.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for nytt uthus/reiskapshus skal fylgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.
- Søknad om oppføring av mur/terrasse eller liknande er ikkje fullstendig og kan ikkje handsamast, jf. plan- og bygningslova §§ 20-2, 21-2 og 21-4, 1. ledd og forskrift om byggesak § 5-4, jf. vedtak i plan- og kommunalteknisk utval 25.10.2017 saksnr. 134/17."

I vedtak av 24.01.2018 saknr. 015/18 gjorde kommunen fylgjande vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 1-8, 11-6 og 11-7, nr. 5, bokstav a, til oppføring av terrasse på gnr. 85, bnr. 16, Fjellskålnes.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av terrasse på gnr. 85, bnr. 16 på fylgjande vilkår:

1. Terrassen skal plasserast som synt i teikning motteke 11.01.2018, jf. plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak § 6-3.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-3 vert det gjeve endra løyve til oppføring av uthus/reiskapshus på gnr. 85, bnr. 16 på fylgjande vilkår:

2. Det vert gjeve løyve til innlegging av vatn og installering av vassklosett i nytt uthus/reiskapshus, jf. vedtak i utval natur i møte 16.10.1996 saknr. 96/0237, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2, jf. ureiningsforskrifta § 12-16, 1. ledd.

Med heimel i forskrift om byggesak § 6-8 gjev kommunen godkjenning på søknad om ansvarsrett som sjølvbyggjar for tiltakshavar for alle funksjonar og ansvarsområde ved oppføring av terrasse og innlegging av vatn og installasjon av vassklosett i uthus/reiskapshus på gnr. 85, bnr. 16 i tiltaksklasse 1.

Elles gjeld vedtak av 04.01.2018 saknr. 002/18 og alle vilkår som der er stilt skal tilfredsstillast."

Klage 1

Ragnhild og Ole Jørgen Fjellskålnes har i brev av 26.01.2018 klaga på vedtak saknr. 002/18.

I klagen er det mellom anna synt til at innkøyrsla til gnr. 85, bnr. 16 er endra og utvida.

Rådmannen syner elles til motteken klage.

Kommunen har i brev av 29.01.2018 sendt klagen til Gunnar Skjold for eventuelle merknader, jf. forvaltningslova § 33, 3. ledd.

Gunnar Skjold har i brev av 16.01.2018 kome med merknader til klagen.

Merknader til klage


I merknader til klagen syner tiltakshavar mellom anna til at han inngjekk avtale med tidlegare eigar om å overta eit tilleggsareal på 1,25 daa. Då delingssøknaden ikkje vart godkjent, vart dei einige om at avtalen og arealet skulle ligge som ein servitutt på gnr. 85, bnr. 2 til fordel for gnr. 85, bnr. 16. Gnr. 85, bnr. 16 har vegrett over gnr. 85, bnr. 2, og vart ikkje teke i bruk før i 1996. Tilkomsten det er synt til i klagen er ikkje hovudtilkomst, sidan denne tilkomsten fører til terrassen og ikkje hovuddøra. Endringa av vegen som vart laga for 4 år sidan fører no til hovuddøra. Klagar er ikkje eigar av gnr. 85, bnr. 2.

Rådmannen syner elles til mottekne merknader.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

Utsnitt frå plankart:



Grå stipla linje er byggegrense mot sjø, og tiltak på gnr. 85, bnr. 16 vil dermed ikkje kome i strid med kommuneplanføresegn punkt 1.13.

Vurdering

Kommunen sitt vedtak av 04.01.2018 saknr. 002/18 er eit enkeltvedtak som det kan klagast på, jf. forvaltningslova § 28, 1. ledd.

Eigar av gnr. 85, bnr. 2 Ragnhild og Ole Jørgen Fjellskålnes kom med nabomerknader til tiltaket i e-post av 17.08.2017.

Ved handsaming av søknad etter plan- og bygningslova skal kommunen underrette både søker og dei som har hatt merknader til tiltaket om vedtaket, jf. plan- og bygningslova § 21-4, 4. ledd.

Kommunen sende difor kopi av vedtak av 04.01.2018 saknr. 002/18 til Ragnhild og Ole Jørgen Fjellskålnes.

Vedtaket av 04.01.2018 saknr. 002/18 vart utekspedert 04.01.2018. Historikken på dokumentet syner at vedtaket vart sendt til utskrift for utsending i vanleg brevpost til:

- Gunnar Skjold - 04.01.2018.
- Ole Jørgen Fjellskålnes - 08.01.2018
- Ragnhild Fjellskålnes -08.01.2018.

Rådmannen legg til grunn at melding om vedtak dermed kom fram til tiltakshavar om lag 08.01.2018 og til nabo om lag 12.01.2018.

Fristen for å klage er 3 veker, jf. forvaltningslova § 29, 1. ledd.

Klage frå Ole Jørgen Fjellskålnes og Ragnhild Fjellskålnes er sendt som vedlegg til e-post 28.01.2018.

Rådmannen vurderer at klage motteke 29.01.2018 er rettidig, jf. forvaltningslova § 29, 1. ledd.

Kven som kan klage på vedtaket er part eller andre med rettsleg klageinteresse i saka, jf. forvaltningslova § 28, 1. ledd.

Rådmannen legg til grunn at Ragnhild og Ole Jørgen Fjellskålnes var eigar av gnr. 85, bnr. 2 til 04.01.2018, jf. eigarhistorikk i matrikkelen.

Rådmannen legg vidare til grunn at Ingrid Øvsthus og Ole Fjellskålnes er ny eigar av gnr. 85, bnr. 2 frå 04.01.2018, jf. eigarhistorikk i matrikkelen.

Rådmannen vurderer at Ragnhild og Ole Jørgen Fjellskålnes hadde rettsleg klageinteresse på vedtakstidspunktet, jf. forvaltningslova § 28, 1. ledd.

Rådmannen legg til grunn at klagar ikkje lengre var eigar av naboeigedomen gnr. 85, bnr. 2 på klagetidspunktet, og vurderer at klagar difor ikkje er part eller hadde rettsleg klageinteresse på klagetidspunktet, jf. forvaltningslova § 28, 1. ledd.

Rådmannen vurderer at vilkåra for å handsame klagen av 26.01.2018 frå Ragnhild og Ole Jørgen Fjellskålnes ikkje føreligg, og klagen kan avvist, jf. forvaltningslova § 33, 2. ledd.

Konklusjon klage 1

Rådmannen vurderer at klagen av 26.01.2018 frå Ragnhild og Ole Jørgen Fjellskålnes kan avvist, jf. forvaltningslova § 33, 2. ledd.

Vedtaket klage 1

Kommunen gjorde fylgjande vedtak 07.03.2018 saknr. 050/18:

"Klage av 26.01.2018 frå Ragnhild og Ole Jørgen Fjellskålnes vert avvist, jf. forvaltningslova § 33, 2. ledd."

Klage 2

Kommunen mottok klage på vedtak 23.03.2018 frå Ingrid Øvsthus og Ole Fjellskålnes.

Det er i klagen mellom anna synt til at tiltakshavar har nytta familien Fjellskålnes i saka, og at det ikkje har noko å seie om det er ny eller gamal eigar av gnr. 85, bnr. 2 som har sendt inn klagen. Klagar kan ikkje godta at innkøyrsla til gnr. 85, bnr. 16 vert endra. Tidlegare eigar vart ikkje varsla om synfaringa. Det må utarbeidast ein målsett situasjonsplan for heile tiltaket. Tiltakshavar har halde på med ulike arbeid på hytta sidan 1996 og han har verken bruksløyve eller ferdigattest på desse tiltaka. Nytt uthus kan ikkje nyttast som garasje for køyreteøy eller større reidskap. Gnr. 85, bnr. 16 har gjerdeplikt mot gnr. 85, bnr. 2, og denne plikta skal oppretthaldast.

Kommunen syner elles til motteken klage.

Tiltakshavar har kome med merknader til klage i e-post av 04.04.2018 med vedlegg.

Merknader til klage

Tiltakshavar syner mellom anna til kjøpekontrakt frå 1999, ny tilkomst er den einaste og beste alternativet for tilkomst og synfaringa med kommunen omfattar ikkje tilhøve i nabomerknadene og naboane trong difor ikkje vere med. Lang byggetid på hytta kjem av at bygginga tek lang tid. Eigar av gnr. 85, bnr. 16 har ikkje fått nabovarsel for tiltak på gnr. 85, bnr. 2. Om han ynskjer gjerde eller ikkje er opp til han sjølv. Det er òg synt til diverse historie og tilhøve til andre eigedomar.

Kommunen syner elles til mottekne merknader.

Vurdering

Kommunen sitt vedtak av 07.03.2018 saknr. 050/18 er eit enkeltvedtak som det kan klagast på, jf. forvaltningslova § 28, 1. ledd.

Nye eigarar av gnr. 85, bnr. 2 Ingrid Øvsthus og Ole Fjellskålnes har i e-post av 23.03.2018 med vedlegg klaga på vedtaket.

Fristen for å klage er 3 veker, jf. forvaltningslova § 29, 1. ledd.

Klage motteke 23.03.2018 frå Ole Fjellskålnes og Ingrid Øvsthus er rettidig, jf. forvaltningslova § 29, 1. ledd.

Kven som kan klage på vedtaket er part eller andre med rettsleg klageinteresse i saka, jf. forvaltningslova § 28, 1. ledd.

Rådmannen legg til grunn at Ingrid Øvsthus og Ole Fjellskålnes er ny eigar av gnr. 85, bnr. 2 frå 04.01.2018, jf. eigarhistorikk i matrikkelen.

Rådmannen vurderer at Ingrid Øvsthus og Ole Fjellskålnes har rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28, 1. ledd, og klage motteke 23.03.2018 vert handsama.

Rådmannen legg til grunn at motteken klage vidare gjeld kommunen sitt vedtak av 04.01.2018 saknr. 002/18, som gjeld søknad om dispensasjon og søknad om løyve til tiltak for oppføring av uthus/reiskapshus på gnr. 85, bnr. 16.

Familien Fjellskålnes

Det er i klagen mellom anna synt til at det ikkje kan ha noko å seie kven i familien det er som klagar

på vedtaket, sidan tiltakshavar heile tida har nytta "fam Fjellskålnes".

Tiltakshavar syner mellom anna til at nye eigarar av gnr. 85, bnr. 2 er Ingrid Øvsthus og Ole Fjellskålnes med born er ein familie.

Rådmannen legg tidlegare vurdering til grunn og finn at part eller andre med rettsleg klageinteresse i saka kan klage på vedtaket, det vil seie dei nye eigarar av gnr. 85, bnr. 2 Ingrid Øvsthus og Ole Fjellskålnes, jf. forvaltningslova § 28, 1. ledd.

Rådmannen vurderer at det ikkje har kome nye moment i klagen som fører til at vedtak av 07.03.2018 saknr. 050/18 skal endrast.

Endra innkøyrsløse

Rådmannen syner til motteken klage og finn at klagen mellom anna gjeld endra innkøyrsløse til gnr. 85, bnr. 16.

Det er i klagen mellom anna synt til at opprinneleg innkøyrsløse til parsellen hadde ein port på ca. 2 meter.

Det er lagt ved utsnitt frå ortofoto som syner tidlegare tilkomst og endra tilkomst:



Tiltakshavar syner mellom anna til at arealet vart seld i 1999 som tilleggsareal til gnr. 85, bnr. 16, og gnr. 85, bnr. 2 er dermed ikkje eigar av arealet.

Rådmannen legg til grunn at arealet som vart seld i 1999 ikkje er frådelt gnr. 85, bnr. 16, jf. matrikelinformasjon.

Rådmannen legg vidare til grunn at kommunen ikkje skal ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknader, jf. plan- og bygningslova § 21-6, 1. punktum.

Dersom tiltaket gjeld intern veg og parkering på eiga tomt, kan dette etablerast utan søknad om løyve til tiltak, jf. forskrift om byggesak § 4-1, 1. ledd, bokstav e, nr. 10. Fritaket frå søknadsplikt gjeld ikkje dersom tiltaket til dømes er i strid med arealdelen i kommuneplanen, jf. forskrift om byggesak § 4-1, 1. ledd, 1. punktum.

Dersom tiltaket gjeld ny tilkomst/veg/parkering på andre sin eigedom, må det sendast inn søknad om løyve til tiltak, jf. plan- og bygningslova §§ 20-1, 1. ledd, bokstav l og 20-2, vedlagt dokumentasjon som syner at tiltakshavar har dei privatrettslege rettane som søknaden føreset, jf. plan- og

bygningslova § 21-6.

Rådmannen legg til grunn at sidan tiltaket ligg i LNF-område må det søkjast om dispensasjon før ny tilkomst/veg/parkering kan etablerast, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7, nr. 5, bokstav a, jf. plan- og bygningslova §§ 1-6, 2. ledd og 20-2, 1. ledd, 2. punktum.

Kommunen har ikkje motteke søknad om dispensasjon for etablering av ny tilkomst/veg/parkering, og rådmannen vurderer at dette er eit tilhøve som kommunen eventuelt må fylgje opp i samsvar med plan- og bygningslova kapittel 32.

Rådmannen finn ikkje at klage på endra innkøyrsløse gjev grunnlag for å endre kommunen sitt vedtak av 04.01.2018 saknr. 002/18.

Tiltak på hytta

Det er i klagen kome påstand om at tiltakshavar har halde på med hytta sidan 1996, og framleis ikkje har verken bruksløyve eller ferdigattest.

Tiltakshavar syner mellom anna til at det tek lang tid med tiltak på fritidsbustad, og at det framleis attstår arbeid innvendig.

Rådmannen legg til grunn at søknadspliktige tiltak ikkje kan takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10, jf. plan- og bygningslova (1985) § 99. Rådmannen legg vidare til grunn at dersom tiltaket ikkje har teke til innan 3 år etter at løyve vart gjeve, eller dersom tiltaket er innstilt i meir enn 2 år, har løyvet fallet bort, jf. plan- og bygningslova § 21-9, jf. plan- og bygningslova (1985) § 96, 1. ledd.

Rådmannen finn ikkje at klage på manglande bruksløyve eller ferdigattest gjev grunnlag for å endre kommunen sitt vedtak av 04.01.2018 saknr. 002/18.

Bruk av nytt uthus og gjerdeplikt

Det er i klagen mellom anna synt til at nytt uthus ikkje kan nyttast til garasje for køyretøy eller større reidskap, og syner mellom anna til gjereplikta.

Tiltakshavar syner mellom anna til kontraktar med tidlegare eigar Jørgen Fjellskålnes, og at det må vere opp til tiltakshavar om han set opp gjerde mot gnr. 85, bnr. 2 eller ikkje.

Rådmannen legg til grunn at gjereplikta er eit privatrettsleg tilhøve som kommunen ikkje tek stilling til, jf. plan- og bygningslova § 21-6.

Rådmannen har i vedtak av 04.01.2018 saknr. 002/18 mellom anna vurdert at det vil verte vanskeleg å kome inn med større utstyr i nytt uthus/reiskapshus, sidan tilkomsten er mot nord, men at tiltaket kan nyttast som uthus/reiskapshus for mindre utstyr.

Rådmannen rår til at tiltakshavar vurderer om nytt uthus/reiskapshus har tilstrekkeleg tilkomst i høve bruken av bygningen, og eventuelt sender inn søknad om endra tiltak dersom det vert aktuelt å endra fasade og/eller plassering.

Rådmannen vurderer at det ikkje har kome nye moment i klagen som fører til at vedtak av 04.01.2018 saknr. 002/18 skal endrast.

Konklusjon klage 2

Rådmannen rår til at klagen motteke 23.03.2018 frå Ingrid Øvsthus og Ole Fjellskålnes ikkje vert teke til fylgje.